

Den siste razziaen

Av Olav Robøle

Storrazziaen i austfjella i juni 1944 har fått sin plass i saga som eit av dei mest dramatiske elementa i storkrigen på våre kantar. Mindre kjend er ein minirazzia delvis i same området nær tre månader seinare.

Målet denne gongen var det vesle vatnet Midtre Saur i Øystre Slidre, om lag ein times gange frå støslaget Tansberg.

Det var meir eller mindre tilfeldig at dette vart kjent for folk i bygda. Ei veker tid seinare ville det vore stilt på støslaga i området. Men raidet vart fallande saman med dagane då folk i området flytte heim for hausten. Slik vart ein god del folk involvert, sume utan å veta om kvarandre før lang tid etterpå.

Razziaen hadde ein svært tilfeldig dām. Det verka som om framandkarane var svært dårleg utstyrte, bortsett frå når det galdt våpen og ammunisjon. På Tansberg kjørde dei bilen sin bensintom, og dei laut få bodsendt folk frå bygda for å bli slepa heim att.

Målet for ekspedisjonen var diffust, men helst var oppdraget å finne spor etter eit flyslepp som hadde gått for seg i traktene ved Midtre Saur.

Alt som brukast kunne frå sleppet var

sjølv sagt forlengst fjerna, men det tok til å vera kjent at containerane låg lett synlege, på grunt vatn. Teorien var at dei i annemda var lagde att på isen, i von om at dei skulle søkke.

Styrken som kom på haustekspedisjonen var av blanda karakter. Trygve Melbye, ein av dei som fekk mest føling med karane, meiner at det var to befal og ein menig i vanlege tyske uniformer, dessutan to norske, i SS-uniformer.

Men razziaen ga eit svært magert utbytte. I dei tre dagane han vara, tok karane truleg berre en tur inn til Saur, og dei nøydde seg då med å skvalpe litt i det sørre vatnet.

Skyting vart det mykje av, men etter alt å dømme berre på måfå. Likevel fekk tre sel stygg medfart. Og fleire menn frå bygda vart tvinga til ymse tenester.

Vegvisaren

- Eg var reist til støls for å vera med og førebu heimflyttinga, fortel Trygve Melbye. - Midt blant andre gjeremål nytta vi òg høvet til å fiske litt. Mor og eg var utpå fjorden og ordna med garna då det kom ein personbil og svinga ned til ei løe. Ut kom fleire væpna karar.

Vi trudde fyrst det måtte vera jegrar, endå det var vel tidleg på hausten for slik aktivitet. Men snart tok dei til å skyte vilt, med automatvåpen. Sume salver gjekk faktisk over båten vår, så nær at vi hørde kvinet frå kulene. Mykje roping var det òg.

Dermed vart det berre å ro til lands. Også etter dette var det noko spreidd skyting, og einaste utvegen var å gå karane imøte i von om å oppnå kontakt.

Karane ynskte vegvisar til Saur, men på spørsmål om kva slags ærend dei hadde dit vart det berre til at dei såg på kvarandre og gliste. Og endå om ordren om å bli med mest var forma som eit spørsmål, vart det til at Trygve såg det sikrast å tre inn i vegvisarrolla med ein gong.

Inne ved sørre Saursvatnet låg det ein kvelvd båt. Årer vart òg funne, men ikkje keipar. Og ein litersboks skulle koma til god nytte som ausekar. Båten var lekk som ein kunne vente etter å ha lege lenge i sola.

Men karane kom seg då utpå, og plaska lenge langs land. Sokneutstyr av noko slag hadde dei ikkje, dei laut nøye seg med å stire ned i vatnet.

Omsider fekk Trygve beskjed om at han kunne gå, men han laut koma att, og ta med hesten sin, som karane hadde sett på stølsvollen.

Og utpå ettermiddagen stilte han så på ny ved Saur-stranda. Då framandkarane såg han, plaska dei til lands, og no la dei for dagen noko underleg talent som soldatar. Alle kasta maskinpistolane sine inn i kjerret attmed Trygve medan båten enno flaut. - Dei hadde nok ikkje den store trua på meg som krigar, flirer Trygve, som då var 16 år gamal.

Det vart no noko parlamentering om ferda vidare til neste vatnet. Men det tok til å li drygt ut på ettermiddagen, og noko

regn var det i lufta. Dermed enda det snart med retur til Tansberg.

Så tok det til å nærme seg midnatt, og det vart besøk i selet. Karane kom og undrast om det var mat å få.

- Mor diska opp av det ho hadde, og det var greitt å sjå at dette var svoltne folk, alt gjekk unna som om ein hadde kasta det til hunden. Noko som gjorde ekstra inntrykk, var at eit par av karane mora seg med å trille ein handgranat over bordet til kvarandre. Elles var det ikkje lett å få tak i stort av det som var sagt, men det skein tydeleg gjennom at den eine offiseren hadde vore med på den store razziaen tidlegare på sumaren.

Etter å ha fått i seg, rusla karane heimover, men ikkje lenger enn til selet hans Nils Hovi. Der vart det ei hektisk skyting. Det primære målet var nok å øydelegge låset for å koma inn. Men ein staur som var sett mot døra innafrå skapte nytt hinder. Fyrst då ei sidedør var oppdaga og nedkjempa, kunne erobringstoktet halde fram. Og omsider vart det kveld.

Neste dag starta karane tidleg sin eigen vesle krig, med skyting og granatkasting. Og fienden var sel og fjøs i granelaget. Knut Jørstad hadde denne dagen tenkt på kjøre ut møkk, og kom så smått i gang. Men hesten vart så oppøst av livet at arbeidet berre laut innstillast.

Denne dagen var tida inne for Trygve og mor hans til å dra heim med buferda. Det var med spaning dei dro forbi selet der framandkarane heldt til, men no fekk dei passere utan problem.

Historia var likevel ikkje slutt for Trygves del. Seint laurdagskvelden kom han borti noko styr i tunet hjå kjøpmann Erik Kongslien, der Rogne Samvirkelag er no. Det skulle vise seg at no var framandkarane komne dit med bilen sin. Og på ny var det bruk for Trygve i ei hjel-

parrolle. Karane hadde sett at Erik hadde bensinpumpe, men var det noko i henne? Og kor var han i tilfelle å treffe?

Her var det berre å gjera seg dum og gje svar ut i skodda. - Eg er temmeleg sikker på at eg fekk eit gløtt av Erik gjennom vindauga, men heldigvis var det visst ingen av dei andre som gjorde same observasjonen.

Ei råd måtte det likevel ha vorte, for søndag morgon var bilen borte.

Men det skulle bli endå eit etterspel, fortel Trygve. - Far meinte at det måtte skaffast eit oversyn over skadane på Tansberg. Folk som oppførde seg så karsleg som desse framandkarane, måtte òg ha råd til å gjera opp for seg. Difor vart det til at Eirik Hovi og eg fekk med oss lensmann Ola Ranisæte på taksering.

Skadene var omfattande på tre sel, og elles kan det nemnast at steintaket på eit fjøs var skote heilt i filler. Det var elles greitt å skjone at framandkarane hadde vore på desperat leiting etter mat. Men i Hovi-selet hadde dei nok ikkje funne brødsuffa. Trygve dro fram flatbrød, smør og ost og laga seg ein solid klining, og pådro seg fylgjande reprimende frå lensmannen: - Om andre er tjuvar og kjeltringar, skal ikkje vi vera det.

Men etter litt prat om gjestfridom stølsgrannar imellom kom det kontraordre: - Du får smørja ein åt meg med.

Eit merkeleg fenomen vart oppdaga i Hovi-selet: Ei gjæv veggklokke var søkk borte, men eine visaren sto som ein spikar i taket.

På spørsmål om han eigentleg viste kva det vart leita etter svarar Trygve benektande. No kjenner han til at det hadde vore flyslepp ved Saur, men dette var heilt ukjent for han i 1944. Men ved nærare ettertanke kom han i hug at det hadde vore noko mystisk med eit par tun-

neliknande ting han og eit par andre ungdomar snubla borti på ein fisketur denne sumaren. Desse låg i kjerrene inne på land, men vart seinare borte.

Heft i heimflyttinga

Lagnaden ville at haustrazziaen fall saman med heimflyttinga frå stølane. Grendene nede i bygda hadde litt ulike datoar for dette. Håkon Hovi hadde fredag 6. september kjørt heim flyttelasset for syster si, Marit Kolstadbakken, og var på veg aust att åt Etnelia etter sitt eige. Han kjørde med ei stor, svart merr med føl gåande attåt. Men ved Tansberg vart det brått stans. Ein flokk barske krigarar skaut vilt omkring seg, og Håkon meiner at det òg vart kasta handgranatar. I grøfta låg eit digert beist av ein bil.

Det vart òg kjenstfolk å treffe. Sambygdingane Torleiv Hovi, Knut Jørstad og Birger Lund var ute i same ærendet som Håkon, men no var både dei og hestane deira huka inn for å hjelpe med å få bilen på vegen att. Også merra hans Håkon var nok ei tid tiltenkt tilsvarande jobb, men det vart truleg følet som kunne takkast for at det etter noko parlamentering vart innvilga amnesti og ferda til Etnelia kunne halde fram.

Håkon vart ikkje lenge på stølen i denne omgangen. Etter å ha teke hand om dyra og fått i seg mat, tok han sykkelen og dro heimover til stølslaget Lien, der kjærasten Gudrun arbeidde. Men på ny laut Tansberg passerast, og der var bergingsaksjonen langt frå slutt. No var mest det som fanst av skokler drege i filler og det var framleis stort behov for handmakt. Og oppdragsgjevarane såg ut til å vera meir opptekne av å skyte enn å ta eit tak med.

Men Håkon greidde å prate seg ut or klemma. På den heimre stølen, fortalde

han, var det mengder av ståltråd i gjerdet. Om han stakk og henta rikeleg av dette, skulle det nok bli råd å få sett skoklene i stand att.

Dette syntest framandkarane høyrdest fornuftig. Dei ga klarsignal, og sykkelturen kunne halde fram. Men ved den nemnde stølen sløkte Håkon lykta, og trødde så raskt det var forsvarleg heim til Lien.

Likevel var det ikkje slutt på spaninga. Utpå kvelden kom ein lastebil i sakte fart innover stølsvegen. Erik Kongslie hadde òg passert Tansberg i løpet av ettermiddagen, og hadde fått kjøre vidare mot lovnad om å skaffe drahjelp. Og omsider kunne Ola Røe starte og dra innover.

Etter endå ei god stund var bergingsekspedisjonen på heimtur, fyrst lastebilen, og deretter personbilen. Men på ei lita slette ved Lien var det atter stans for sistnemnde. Og på ny vart det vill skyting, no i mørkret.

Då transporten kom ned i trøa, hadde Gudrun og Håkon gått ut for å skaffe seg eit inntrykk av kva som gjekk for seg, og dei kjende seg rimeleg trygge i mørkret. Men larmen frå maskinpistolane vart for sterkt for Gudrun, ho seig saman. Dermed var det berre å koma seg stille inn, det var ikkje verdt at framandkarane fekk noko nytt møte med han som var send for å hente ståltråd.

Litt om senn kom det for dagen at skytinga nok hadde ei meining. Det galdt å få varsla lastebilsjåføren om at meir hjelp måtte til. Dette var nok Ola klar over, men

som den skøyeren han var, kjørde han eit godt stykke unna for å skapa mest mogleg heft. Og det vart i ein svært beskjeden fart at han kom ryggande oppover den smale stølsvegen att.

Den som kjenner den sørre stølsvegen i Øystre Slidre, vil veta at lenger heimover er det nøgda av flater, og motbakkar med. Difor må det ta si tid å få drassa ei diger kjøredning over den 16 kilometer lange strekningen. Sume av slettene var ikkje drygare enn at nokre karar i sin beste alder nok burde greidd å dytte bilen over, men det såg ikkje ut til å vera i deira tankar. Då var det barskare å skyte nokre salver og vente på alt lastebilen skulle rygge attende.

Håkon Hovi som passerte 80 tidlegare i år, er no ein av svært få attlevande av dei som opplevde denne razziaen på nært hald, og han er lei seg for at ikkje historia vart teki vare på medan det fanst folk som kunne fortelja om henne frå fleire ståstader.

Håkon var kjend med at det hadde vore slepp ved Saur, og han hadde sjølv sett containerane før dei vart senka på djupt vatn.

Og kanskje var det best for alle paratar at haustrazziaen vart fåfengd. Både Trygve og Håkon har i ettertid fått veta at framandkarane var under oppsikt av heimefronten. I nærleiken av Saur skal det ha lege folk i stilling, budde til å sette eit kontant punktum for eventyret om dette skulle vist seg nødvendig.

Kva Saur-tjernet løynde

Av Olav Robøle

Sleppet oved Midtre Saur var det seinaste her i Øystre Slidre, og det var folk frå Nord-Aurdal med brørne Sigurd og Ottar Berger i spissen som tok imot godset og fekk frakta det til eit mellomlager ved Strypadn sør for Trollåsen.

Dette fortel avlidne Erik Hegge i eit lydbandopptak. Han sto sentralt i motstandsarbeidet i bygda, og hadde mellom anna ei viktig rolle når det skulle skapast tryggleik for folk på rømmen etter storrazziaen på auståsen tidlegare same sumaren. Mellom anna fall det i hans lodd å låne båt og ro ein av Tapptjernaldals-karane over Volbufjorden.

Men det var slik i dei tider at ingen fekk veta meir enn høgst nødvendig. I dei tider sleppet kom, dreiv Erik med noko snikkararbeid på ei hytte ikkje særleg lang unna. Fyrst etter nokre dagar vart han oppsøkt av ein oppskremd sambygding, Johan Prestrud, som på tur inne i fjelltraktene hadde møtt ein diger, væpna framandkar. Den framande kalla seg Håkon, og han skulle litt om senn bli ein legendarisk figur blant dei som låg i dekning i Valdres-fjella. Seinare vart han kjend som Bjarne Holth Larsen, og vart

blant dei som kom til å halde seg på ein militær yrkesbane også etter frigjeringa.

«Håkon» hadde på same tid vore løynsomsfull og kontaktsøkande, og det skulle koma til å bli eit vidare samarbeid. Ekstra gjæv vart karen då det synte seg at han hadde engelsk skråtobakk å spandere på tobakkshungrige øystreslidringar.

Etter endå nokre dagar kom det alarmerande beskjed: Containerane i Saur låg på så grunt vatn at dei var godt synlege frå land. Dette vart det så mykje prat om i bygda at Ivar Rogne fann det nødvendig å ta affære. Han kontakta Erik Hegge, som i sin tur kasta seg på sykkelen og dro til Fagernes for å ta ein alvorsprat med Ottar Berger.

Utfallet vart at Erik måtte få med seg mannskap og syte for at containerane vart flytta. Ivar Rogne og Johan Prestrud var rimeleg kjende med saka, så difor vart dei det naturlege valet. Og ei mørk natt bar det austover. Berre Erik hadde lys på sykkelen, så han laut halde seg bak for å gje dei hine ein rimeleg ljosome. Men bak ein bakketopp gjekk det gale. Då Johan misste kjøreløset, bar det rett ut i geografien, heldigvis utan skade for mann eller kjøretøy.



Ved løa hvor den tyske bilen havarerte. Frå høgre Håkon Hovi, Jørgen Røe og Trygve Melbye.

I grålysinga var dei ved Saur, der dei låntok ein båt. Containerane fann dei raskt, ni behaldarar med ei lengd på halvannan meter og ein diameter på 40 centimeter. Desse tok dei inn på stranda for ei preparering før søkkinga på djupet.

Då dei omsider kom ned til kjørbar veg att, gjorde Johan ei urovekkjande oppdaging: Pengeboka hans var søkk borte. Ho inneheldt vel 800 kroner, som var mykje pengar i dei dagane. Men vel så ille var det med førarkort og andre papir som ville gjera eigaren lett å identifisere. Det laut bli ein tre kvarters spassertur attende.

Ingen ting var å finne langs stigen, og ingen ting i eller ved båten. Dermed måtte karane gjera ein siste freistnad ved endå ein gong å ro over dit dei hadde gjort containerane klare for søkking. Og alt før dei nådde land, kunne dei sjå pen-

gesetlar på stranda, og sjølve pengeboka hangande i ei buske. 825 kroner hausta dei på ei lita stund, dessutan truleg alle dei papira som hadde ramla ut. No kunne dei frimodig ta seg ned til Trollåsen og fyre opp i eit sel. Det såg ut til å vera i aller siste liten at blaute pengar kunne leggst til turk på eit sengeteppe.

No skulle det berre gå ei veker tid før det på ny kom alarmerande melding, tyske soldatar var i farten, og som det blir fortalt om av Håkon Hovi og Trygve Melbye, var sleppet i Saur målet. Som det òg går fram av den artikkelen vart ingen ting funne, og det er uråd å veta om leitemannskapa slo seg til ro med at det hadde vore blind alarm eller om dei rett og slett ga opp. Det at dei ikkje tok fangar men nøydde seg med å drive ein liten krig mot tome stølshus og hytter, kan tyde på at dei ikkje tok ekspedisjonen heilt på alvor.



Ved Saur 60 år etterpå. Frå venstre Jørgen Røe, Trygve Melbye og Håkon Hovi.

Men innhaldet i conainerane var forlengst langt vekk frå Saur. Johan Prestrud fann fallskjermmande under ei stor gran, og desse skulle koma til god nytte for mange. Erik Hegge fortel såleis på lydbandet at i hans heim vart det sydd opp fleire fine sengtetepper, i eit fint silkestoff som det elles ville vore uråd å få fatt på i tronge rasjoneringsstider.

Etter det Erik seinare fekk veta, vart våpen og ammunisjon frå sleppet kjørt til ein stad ved Leira, og Nils Røine

var engasjert til denne transporten, med «Håkon» som sidemann. Nær Fagernes brasa lastebilen rett inn i tysk kontrollpost, og det vart delikate spørsmål å svara på. Men at det var poteter bak på lasset var ei forklaring dei tyske soldatane fann sannsynleg, etter å ha lyfta på ein flik av presenninga og fått glimt av klumpute sekker. Heile tida sat «Håkon» i setet sitt med eine handa innunder jakka, der fanst det ein «potet» av same slaget som bakpå lasteplanet.